

**Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo**

postmottak@kud.dep.no

Knarvik, 18 april 2011

Departementets ref: 2010/05024 ME/ME3 HHO:elt

Høringssvar frå Avisa Nordhordland til NOU 2010:14 "Lett å komme til orde – vanskelig å bli hørt"

Vi viser til departementet sitt høringsbrev av 17 januar i år.

Avisa Nordhordland har følgjande formål, fastlagt i vedtektene:

Avisa skal dekkja distriktet Nordhordland og Gulen, og skal vera partipolitisk nøytral.

Den skal arbeida for å fremja felles beste for alle kommunane i regionen, og vera eit ope forum for meiningsbyte og informasjon. Avisa skal arbeida med særleg omtanke for spørsmål som har med utdanning og kulturarbeid å gjera.

Avisa skal medverka til å fremja interessa og vørnaden for kulturtradisjonane i området.

Nordhordland kjem ut i Knarvik, sentrum i Lindås kommune, rett nord for Bergen. I tillegg til Lindås, dekkjer vi Meland, Radøy, Austrheim, Fedje og Masfjorden i Hordaland og Gulen i Sogn og Fjordane. Avisa kjem ut med to trykte avisutgåver i veka, onsdag og lørdag. Eigar er A-pressen. I dekningsområdet bur det vel 33 000.

Vi er 6 redaksjonelt tilsette og i alt 14 tilsette- fordelt på 13,5 årsverk.

Opplaget var i 2010 5994 årseksemplar, ein tilbakegang på 309 i høve til året før. 20 000 les avisa, av eit innbyggartal på vel 33 000.

Vi hadde over 6000 i opplag i 2009, og fekk ikkje pressestøtte (produksjonstilskot), men har søkt om det for i år. Konkurrenten vår, Strilen, Bergens Tidende/Media Norge, får også produksjonstilskot (pressestøtte).

Vi støttar i hovudsak fleirmedialitetsalternativet sitt forslag i innstillinga. Men vi meiner det beste ville vera å utvida momsfriftaket for trykt avis til også å omfatta det vi publiserer digitalt. 8 % moms på digitalt avisinnehald er sjølvsagt mykje betre enn dagens 25 %, men det beste ville vera same avgiftsfriftak på eavis som på trykt avis.

Auke i produksjonstilskotet, slik heile utvalet foreslår, ser vi som svært positivt. Men vi vil be om at det vert vurdert nærare korleis reglane slår ut, og korleis ordninga blir praktisert i Bergens-regionen.

Venleg helsing
Avisa Nordhordland

Randi Bjørlo
Ansvarleg redaktør

A handwritten signature in black ink, reading "Randi Bjørlo". The signature is written in a cursive, flowing style with a large initial "R".